

DOMMARUTVIKLINGSPLAN

SOGNDAL FOTBALL

Dommarutvikling

Sogndal Fotball har som mål å rekruttere nye dommarar kvart år og behalda så mange dommarar som muleg. Klubben legg opp til at alle spelarar som fyller 13 år får tilbud om å ta Klubbdommarkurs i Sogndal. Klubben tilbyr også at alle spelarar i ungdomsfotballen som ikkje har tatt Klubbdommarkurs tidlegare får tilbud om det kvart år. Klubben ynskjer også å invitera foresatte som har barn/ungdom som spelar fotball til å ta Klubbdommarkurs.

Dommaransvarleg i klubben har hovedansvaret for rekruttering og oppfølging av dommarane slik at dei blir i klubben lengst muleg. Dommaransvarleg samarbeidar med styret om vidareutvikling av tiltak samt utvikling av nye tiltak. Dommarar som har tatt Klubbdommarkurs vil få meir informasjon om og tilbud om å ta Rekrutteringsdommarkurs.

Rekruttering

Klubben ynskjer å rekruttere ungdommar som spelar fotball, ungdommar som har interesse av å bli dommarar samt foresatte som har barn/ungdom som spelar fotball. Dommaransvarleg har dialog med NFF Sogn og Fjordane opp mot gjennomføringen av kurs. Dommaransvarleg har årleg dommarforum i Sogndal og inviterar inn til forumet. Sogndal Fotball vil nytta sosiale medier aktivt i rekrutteringen av nye dommarar.

Oppfølging

Dommaransvarleg vil saman med klubb og NFF Sogn og Fjordane følgje opp dommarane og klubben ynskjer tilbakemelding frå dommarane på korleis dei opplever det å dømme i klubben. Sogndal Fotball ynskjer at dommaransvarleg/dommarane blir med på eventuelle tiltak i regi av NFF Sogn og Fjordane. I tillegg til det årlege dommarforumet i klubben kan dommaransvarleg arrangere ytterligare møteplassar for dommarane.

Dommaroversikt

Sogndal Fotball har eigen oversikt over dommarar i klubben, oversikten ligg på vår heimeside. Her kan lagleiarar/trenarar kontakta dommarane direkte for forespurnadar om å dømme kampar. I dommaroversikten står det også kva spelformer dei ulike dommarane kan dømme kampar på.